

# Møteprotokoll

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

**Møtestad:** Herangtunet, Valdres

**Dato:** 18.11.2019

**Tidspunkt:** 12:30 – 17:30

## Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	
Leif Solemsli	Medlem	
Bjarne Eiolf Holø	Medlem	
Sandra Opheim	Medlem	

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Aleksander Øren Heen	Medlem	
Iselin Vistekleiven	Nestleiar	

## Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Svein Blankenborg	Iselin Vistekleiven	

## Merknader

Senea Sabanovic var kalla inn for Aleksander Øren Heen, men ho kunne heller ikkje møte. Kjersti Bjørnstad vart hindra pga stengd veg etter utforkøyring

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Johannes P. Skahjem	Nasjonalparkforvaltar
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar
Rigmor Solem	SNO - Jotunheimen

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ivar Kvalen (sign.)

Sandra Opheim (sign.)



# Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 39/2019	<b>Godkjenning av innkalling og dagsorden</b>		
ST 40/2019	<b>Referatsaker</b>		
RS	Informasjon fra oppfølgende befarings i Gråsubekken og Bergenussa		2019/15728
RS	Orientering om vedtak i Lom kommune: Dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for opprusting og utviding av Memurubu kraftverk		2018/618
RS	Statistikk for Gjendebåten 2019		2019/18641
RS	Klage - støy fra drone i Hurrungane - Kjetil Nordanå		2019/18451
RS	Etablering av infrastrukturtiltak i nasjonalparkene - manglende ressurser til drift		2019/4706
RS	Jotunheimløpet 2020 - Jotunheimen Hundekjørarlag		2019/9193
RS	Skogedalsbøen Mikrokraftverk. Svar på tilleggsfråsegner fra Fylkesmannen i Vestland.		2019/8456
ST 41/2019	<b>Delegerte vedtak</b>		
18/2019	Delegert vedtak - Avslag - Jotunheimen NP - filming med drone 07.09.19 - Galdhøpiggen - Smart Elektro		2019/16449
19/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport til Glitterheim for dagsenterpasientar - Lom kommune		2019/16338
20/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Avslag - Motorferdsel - 2019 - Transport av utstyr til Glitterheim - Studentgruppe NTNU		2019/16375
21/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Avslag på dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Båttransport til Gjendebu i samband med bryllup - Hans-Jørgen Vilsvik		2019/17144
22/2019	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for søk etter sakna kalv - Storådalen Beitelag		2019/17123
23/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport til Glitterheim - Hanne Bakken		2019/16376
24/2019	Delegert vedtak -Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport til Glitterheim i samband med feiring av 80-årsdag		2019/16160
ST 42/2019	<b>Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Riving av eksisterende og oppføring av nytt naust ved Rundhaugtjønne i Luster - 2015/1/10 - Stokk og Stein - Sognefjellshytta</b>		2019/18592
ST 43/2019	<b>Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler og bestillingsdialog 2020</b>		2019/19735
ST 44/2019	<b>Eventuelt</b>		

**ST 39/2019 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 18.11.2019**

**Vedtak**

Innkalling og sakliste godkjent.

Til å signere protokoll saman med styreleiar vart Sandra Opheim vald.

## **ST 40/2019 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 18.11.2019**

#### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret tek referatsakene til orientering.

<b>Informasjon fra oppfølgende befarings i Gråsubekken og Bergenussa</b>	<b>2019/15728</b>
<b>Orientering om vedtak i Lom kommune: Dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for opprusting og utviding av Memurubu kraftverk</b>	<b>2018/618</b>
<b>Statistikk for Gjendebåten 2019</b>	<b>2019/18641</b>
<b>Klage - støy fra drone i Hurrungane - Kjetil Nordanå</b>	<b>2019/18451</b>
<b>Etablering av infrastrukturtiltak i nasjonalparkene - manglende ressurser til drift – Langsua nasjonalparkstyre</b>	<b>2019/4706</b>
<b>Jotunheimløpet 2020 - Jotunheimen Hundekjørarlag</b>	<b>2019/9193</b>
<b>Skogadalsbøen Mikrokraftverk. Svar på tilleggsfråsegner fra Fylkesmannen i Vestland.</b>	<b>2019/8456</b>

## ST 41/2019 Delegerte vedtak

### Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 18.11.2019

#### Vedtak

Nasjonalparkstyret tek delegerte vedtak til orientering

<b>18/2019 Delegert vedtak - Avslag - Jotunheimen NP - filming med drone 07.09.19 - Galdhøpiggen - Smart Elektro</b>	<b>2019/16449</b>
<b>19/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport til Glitterheim for dagsenterpasientar - Lom kommune</b>	<b>2019/16338</b>
<b>20/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Avslag - Motorferdsel - 2019 - Transport av utstyr til Glitterheim - Studentgruppe NTNU</b>	<b>2019/16375</b>
<b>21/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Avslag på dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Båttransport til Gjendebu i samband med bryllup - Hans-Jørgen Vilsvik</b>	<b>2019/17144</b>
<b>22/2019 Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for søk etter sakna kalv - Storådalen Beitelag</b>	<b>2019/17123</b>
<b>23/2019 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport til Glitterheim - Hanne Bakken</b>	<b>2019/16376</b>
<b>24/2019 Delegert vedtak -Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport til Glitterheim i samband med feiring av 80-årsdag</b>	<b>2019/16160</b>

## ST 42/2019

### Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Riving av eksisterende og oppføring av nytt naust ved Rundhaugtjønne i Luster - 2015/1/10 - Stokk og Stein - Sognefjellshytta

#### Innstilling frå forvaltar

Sognefjellshytta v/ Råmund Mundhjeld får med heimel § 3, pkt. 1.3 c) i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark løyve til å byggje opp att naust ved Rundhaugtjønne, i samsvar med søknad av 25.10.2019 frå Stokk og Stein AS om byggjearbeid på gnr. 215, bnr.1, fnr.10 i Luster kommune. Dispensasjonen gjeld med følgjande vilkår:

- Naustet skal oppførast som erstatningsbygg for eksisterande naust, på same tomt og med same storleik som det gamle naustet som skal rivast.
- Storleik er oppgjeve til same arealet som på bygg som skal rivast – jf. byggjeteikning: Lengde 5,7 meter – breidde 3,10 meter – mønehøgde 1,70 meter pluss grunnmur. Total høgde kan vera maksimalt 2,15 meter – som målt på det gamle naustet.
- Materialvalg: Naustet er planlagt oppført i same stil som det gamle naustet, og kan påførast tjøre/beis/jernvitrol i grå-/brunfarge i nyanse tilpassa fargane i landskapet. Det skal ikkje nyttast heildekkande måling. Taket skal ha mørk og matt overflate.
- Det gamle naustet skal rivast, og alle restar skal fraktast ut og leverast i tråd med godkjenning frå kommunen, som er myndigheit etter PBL og forureiningslova.

I tillegg blir det etter § 3, pkt. 6.3 f) i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark gjeve løyve til nødvendig motorferdsel i samband med byggearbeidet. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Inntil 3 hiv med helikopter for transport av materialar/utstyr, og ved eventuelt behov eitt hiv ekstra for transport av avfall og utstyr i samband med avslutting av byggjearbeidet.
- Løyve til helikopterflyging gjeld frå 01.juni – 30.september 2020. Flyging må skje på vekedag, ikkje i helg, og helst utanom fellesferien. Utgangspunkt er Sognefjellshytta.
- Lokalt SNO skal varslast per telefon/SMS seinast dagen før transport (tlf. 959 65 158).
- Dato og tal helikopterturar skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar innan ein månad etter utført oppdrag.

Det er ein føresetnad at grunneigar ikkje har innvendingar og at det blir gjeve løyve av Luster kommune etter reglane i plan- og bygningslova, og som myndigheit etter motorferdsellova.

--- slutt på innstilling ---

## Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 18.11.2019

### Vedtak

Som innstillinga. Samrøystes.

## ST 43/2019

# Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidlar og bestillingsdialog 2020

## Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til at det vert søkt om tiltaksmidlar for 2020 via elektronisk søknad til følgjande tiltak – jf. vedlagt forslag til tiltaksplan:

### Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategi og forvaltningsplan

- Utsiktsplattform Vettisfossen, forprosjekt tilrettelegging og sikring
- Fornyng av informasjonstavler til nytt design
  - Utladalen/Hjelle, oppfølging av forprosjekt
  - Spiterstulen
  - Leirvassbu
  - Bygdin
  - Eidsbugarden – inkl. infopunkt ved Fv. 53
- Utsiktspunkt ved pilot innfallsport Sognefjellshytta – namn på fjelltoppar
- Brukarundersøking, fullføring analyser
- Temabrosjyre dyre- og planteliv
- Nettside med ny design

### Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Prioritering av tiltak etter tildeling

- Vedlikehald og førebyggjande tiltak på plassar med erosjon; m.a. mot Vettisfossen
- Kanalisering og erosjonssikring av parti på stigen frå Spiterstulen mot Galdhøpiggen
- Kanalisering og sikring av Besseggenstigen ved Bandet

### Skjøtsel, vidareføring av etablert opplegg:

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styving/rising av alm og lind. Vedlikehald av styvingstre i heimre Utladalen
- Krattrydding/vedlikehald Guridalen
- Styrt beite ved Gjendebu (geit)
- Styrt beite ved Gjendebu (storfe)
- Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet
- Slått av kve ved Gjendebu blir utført annakvart år – ikkje i 2020.

### Forvaltningsplan

- Kartlegging av bygningar i nasjonalparken og landskapsvernområdet, under arbeid
- Bestandsutvikling jaktfalk

### Andre tiltak

- Vedlikehald og drift av eksisterande tiltak
- Bestilling av standard skilt frå Grafika
  - Supplere med droneforbodsskilt, der desse manglar
  - Nye skilt om bandtvang, med gjeldande tider for kvar kommune

Endeleg prioritering av tiltak blir gjort på nyåret 2020, etter at tildeling av midlar er klart. Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, da dette skal gje grunnlag for bruk av verneområda som ein ressurs for lokalsamfunnet. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må derfor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, og stivedlikehald, restaurering og tilrettelegging i område definert som brukssoner med meir intensiv bruk.

Vidareføring av etablert skjøtsel av kulturlandskap



#### Bestilling av tenester frå SNO:

- Oppsyn med fokus på utvalde arrangement
- Oppfølging av ferdselsteljarar (eco-counter) i Utladalen, på Sognefjellet, mot Galdhøpiggen frå Visdalen og Knutshøe. 1 ny + batteri til eksisterande
- Nye skilt: Standard droneskilt og informasjonsskilt bandtvang på aktuelle innfartsårer
- Administrasjon av tilrettelegging og vedlikehald stignett. Kartlegge behov
- Oppfølging av prioriterte skjøtselstiltak i medhald av plan
- Kartlegging og overvaking av rovfuglar og villrein
- Oppsyn/kontroll av motorferdselløype på vinterføre.

--- slutt på innstilling ---

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 18.11.2019**

Saka vart innleia med følgjande presentasjonar:

- SNO v/ Rigmor Solem – Gjennomgang av utførte tiltak 2019 og saker for oppfølging
- Nasjonalparkforvaltarane – Orientering om status 2019 og planlagde tiltak, med hovudvekt på tilrettelegging i Utladalen og på utsiktspunktet ved Vettisfossen

Det vart i innstillinga lagt til at infopunkt ved Fv. 53 skulle vera ein del av nasjonalparkinformasjonen knytt til innfallsport Eidbugarden.

### **Vedtak**

Samrøystes som den reviderte innstillinga, med tilleggspunkt om Fv.53 mot Eidsbugarden.

## ST 44/2019 Eventuelt

# Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 18.11.2019

## Saker til orientering og evt. vidare oppfølging

### A) Mikrokraftverk Skogadalsbøen

Mikrokraftverk Skogadalsbøen var varsla på førebels sakliste, men saka krev meir tid til gjennomgang og tilråding, etter at det langt etter høyringsfristen kom ein tilleggsuttale frå Fylkesmannen i Vestland. Oppsummering av uttalen med merknader og forslag til tilpassingar frå tiltakshavar vart utdelt og kommentert, og hovudtrekk i søknaden vart gjennomgått og vist i ein biletpresentasjon.

#### **Vedtak:**

Etter gjennomgang og førebels drøfting av sak om mikrokraftverk ved Skogadalsbøen, var det semje om å ta saka opp til behandling i eit telefonmøte før jul eller rett etter nyttår. Det er ein fordel at det sitjande nasjonalparkstyret gjer det overordna vedtaket, sidan styret alt har brukt mykje tid på å setja seg inn i saka. Styret la i den foreløpige diskusjonen vekt på samla miljøbelastning, og meiner at fordelane med å redusere helikoptertransporten og å unngå bruk av diesel må telje med når ein skal vurdere fordelar og ulemper ved ein eventuell dispensasjon.

Det overordna vedtaket vil danne grunnlaget for vidare detaljplanlegging, i tråd med krava i vassressurslova. Detaljplanane skal også behandlast av det nye styret etter verneforskrifta.

### B) Spørsmål om utviding av verneområda

**Status i saka:** Det er ikkje oppretta sak om utvida vern, men nasjonalparkstyret vil bli involvert når det eventuelt blir sett i gang ein prosess med endring av vernegrensene.

### C) Opplæring for nye styrerepresentantar for perioden 2020-2023

Vest: Forvaltarane i Vestland planlegg kompetansedagar 10. og 11. mars 2020  
Aust: For alle styra med verneområde med areal heilt eller delvis i Innlandet blir det kompetansedagar 17. og 18. mars 2020 på Lillehammer hotell.

Sidan Fv. 55 over Sognefjellet ikkje er open i mars, er det enklast for vårt styre å samlast på Lillehammer 17.-18. mars. Dersom enkelte representantar i det nye styret av praktiske grunnar ønskjer opplæring i vest, vil vi prøve å leggje til rette for dette.

### D) Johannes P. Skahjem – vikar for forvaltar på vestsida

Innleiingsvis i møtet var det presentasjon av vår nye medarbeidar på vestsida. Johannes er tilsett i vikariat 80 % stilling hos Fylkesmannen i Vestland frå 14. oktober, og fram til Eldrid Nedrelo er tilbake etter permisjon i midten av april 2020. Det er svært beklageleg at tilsettingsprosessen har teke så lang tid, til trass for purringar både frå styreleiar og forvaltar. Det er bra at vi omsider har fått på plass ein medarbeidar som kan følgje opp sakene på vestsida på ein betre måte, og som kan bidra i arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen, som har stått på vent i den urimeleg lange perioden med halv bemanning i sekretariatet.

